



## Til Helse Førde ved styret

Landsforeningen for Pårørende innen Psykisk helse, LPP, Sogn og Fjordane vil be om at styret ikkje vedtek nedlegging av Tronvik behandlingsinstitusjon.

Tronvik gir eit godt behandlingstilbod til rusavhengige idet institusjonen har mange ulike aktivitetstilbod og personalet har over mange år opparbeida seg stor kompetanse innan dette fagområde. Alt dette vil gå tapt ved nedlegging av Tronvik.

Konsekvensane av å legge ned dette behandlingstilbodet er ikkje berre at ei pasientgruppe får dårlegare tilbod i sitt nærrområde. Det har også ei signaleffekt i høve til at behandlingstilbod til rusavhengige blir nedprioritert i høve til andre pasientgrupper.

Det er også bekymringsfullt at Helse Førde vel å legge ned 15 døgnplassar innan TSB når nasjonal framskrivingsmodell for psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling, TSB, beskriv eit auka behov for behandlingstilbod til pasientar med rusavhengighet, og det gjeld særleg menneske med alkoholrelaterte lidningar. Ein stor del av pasientane i somatisk sjukehus er innlagt pga. sjukdom/skade som er relatert til rusbruk. Rusmisbruk er årsaka til mange tapte leveår og redusert livskvalitet for einskilt menneske. I tillegg gir ruslidningar store konsekvensar for familie, nettverk og samfunn i form av psykiske belastningar for barn og unge, auka risiko for ulykker og vald og kriminalitet i samfunnet.

LPP S&F er bekymra for at dei andre døgnavdelingane vil måtte ta imot fleire pasientar for avrusing og stabilisering og det vil redusere tilbodet til andre pasientgrupper med behov for døgnbehandling.

Allereie i dag er det slik at Helse Førde har utfordringar med å gi pasientar med psykoselidningar eit godt behandling og rehabiliteringstilbod. Ved nedlegging av Tronvik er det svært sannsynleg at det blir eit større press på døgnavdelingane og behandlingstilbodet til pasientane med psykose blir ytterleg svekka og det kan gi store konsekvensar.

## Sjukehustalen 2024 – ny økonomisk modell for helseføretaka og krav om aktivitetsauke

Behov for økonomiske innsparingar er eit av argumenta for nedlegging av Tronvik.

I sjukehustalen for 2024 beskriv Helseministeren ei omlegging av økonomien til sjukehusa der m.a. finansieringsordninga av nybygg vil redusere kravet til sparing til eigenkapital. Dette må også kome Tronvik til gode.

I oppdragsdokumentet frå Helseminister til Helse Vest for 2024 er det krav om:

- at realveksten i kostnadar innan psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling skal vere høgare enn realveksten i dei regionale helseføretaka sine ordinære, frie driftsløyvingar
- at poliklinisk aktivitet innan PHV og TSB skal auke i 2024 i høve til 2023

- at både døgnaktivitet og døgnkapasitet innan PHV skal auke i 2024 i høve til 2023

LPP S&F håper styret i Helse Førde denne gangen vil ta oppdragsdokumentet frå Regjeringa på alvor og syte for at fagområdet psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling blir prioritert i samsvar med dette dokumentet.

Førde 21.01.2024

LPP Sogn og Fjordane ved styret

Anette Shanks, leiar

Astrid Gytri, styremedlem

Vedlegg:

Oppdragsdokument 2024 Helse Vest RHF

Revidert framskrivingsmodell for psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling